

## **Sak 09-22 Status Melsgjerdet 3.**

Tilråding til vedtak

Styret tar orienteringa til vitande.

### **Saksutgreiing**

Bygginga følgjer framdriftsplanen, og «ta i bruk» dato er fortsatt sett til onsdag 15 juni 2022. Sidan siste styremøte har bygg MA fått tett tak. (MA er omlastingshall mat og restavfall med. lastegrop, vaskehall og bygg for garderobe/kontor). Og infiltrasjonsanlegget har fått byggeløyve.

### **Bygg MA.**

Det er for tida god framdrift på arbeid som syner godt att. Betongarbeidet er ferdig og innreiingsarbeidet er godt i gang, med oppføring av ventilasjonsanlegg i hallane. Portar skal monterast i veke 6. Innreiingsarbeidet har starta i garderobe/ kontorbygget.

### **Bygg MB**

Bygg MB er omlastings-, lagerhall for papir, glas og metall og plastavfall. Status er ferdig med betongveggar, takstolar inkl. veggplater i stål. Det er planlagt tett bygg veke 6. Dvs. tak og Rodecca platene skal vere kome på. Portane vert monterte ila februar.

### **Uteområde / bilvekt / pumpehus og brannvasstank/ yttergjerde / hytterrenovasjonspunkt.**

Grunnarbeidet til pumpehus og brannvasstank er igangsett. Det øvrige er på vent.

### **Infiltrasjonsanlegg.**

Her er grunnavtalane på plass, byggeløyve gitt i veke 5.

### **Økonomi**


Sjå vedlagt rapport frå Aurstad vedkomande akkumulert fakturert, indeksregulering og overslag på tilleggskostnad.

Prisindeksen for bygging av boligblokk er den indeksen dette prosjektet skal følgje iflg. kontrakt. Denne har auka med 6,1 % siste 12 månadane. Prisstigninga skal reknast av rest uteståande, så vi vil nok sjå lægre månadsbeløp framover.


Sett bort frå Statsforvaltarkravet om infiltrasjonsløyving som kom 6 månader etter at prosjektet var igangsett, er vi innafor vedteken ramme.

Fastpristilbod på etableringa av infiltrasjonsløyvinga ventar vi på. Så langt operera vi derfor med budsjettpris frå juni 2021 og minner om at dette er finansiert i 2022 budsjettet saman med avsetning til prisstigning.

Petter Bjørdal  
Dagleg leiar



Vedlegg: Månadsrapport frå Aurstad Tunell AS

<b>MAL Statusrapport prosjekt</b>		<b>Aurstad</b> 	
Tiltakshaver:	VØR	Side:	<b>1 av 3</b>
TE:	Aurstad Tunnel AS	Sist rev.	24.10.19
Prosjekt:	VØR Miljøpark Melsgjerdet	Dok.Id:	0201-206 D
Prosjektnr.:	20350	Dato /sign.:	230221/rsø

ANLEGG:	20350 VØR MPM	PERIODE/MÅNAD: JAN 2022
<b>1) PLANLAGT OG UTFØRT - SISTE OG NESTE PERIODE</b>		
<u>Fokus siste periode:</u>		
<b>Omlastingshall:</b>		
Ferdigstilling flikk og fug betongkonstruksjonar.		
Beslagsarbeid på høgdel og lavdel for sanwichelement og tekkebeslag og Rodeccafelt		
Montering ventilasjonskanalar		
Montering stålbraketter for portmontasje		
Fundament portomramminger utført		
Rigging for bygging portomramminger		
<b>Papirhall:</b>		
Planering/hjelparbeid for PE Bjørdal		
Ferdigstilling takplater		
Oppstart taktekking		
Ferdigstilling sandwich veggelement		
Montering rodecacafelt		
Natursteinsmuring		
Grunnarbeid og bunnledninger pumpehus		
Oppstart betongarbeid pumpehus		
<b>Adm.bygg:</b>		
Ferdigstilling beslagsarbeid tak		
Tørking av trekonstruksjonar og betonggolv. Fuktkontroll.		
Gjennomføringar i tak		
<u>Fokus komande periode</u>		
<b>Omlastingshall:</b>		
Ferdigstilling gjentak etter manglar og avvik for utførelse betongkonstruksjonar		
Beslagsarbeid på høgdel og lavdel for sandwichelement		
Montering ventilasjonskanalar		
Montering stålbraketter for portmontasje		
Portomrammingar trekonstruksjonar		
<b>Papirhall:</b>		

**MAL Statusrapport prosjekt**

Tiltakshaver:	VØR	Side:	2 av 3
TE:	Aurstad Tunnel AS	Sist rev.	24.10.19
Prosjekt:	VØR Miljøpark Melsgjerdet	Dok.Id:	0201-206 D
Prosjektnr.:	20350	Dato /sign.:	230221/rsø

Planering/hjelpearbeid for PE Bjørdal  
Taktekking  
Montering rodecacafelt  
Beslagsarbeid  
Ferdigstilling natursteinsmuring  
Ferdigstilling grunnarbeid og bunnledninger pumpehus  
Betongarbeid pumpehus – pumpefundament og plate

**Adm.bygg:**

Ferdigstilling beslagsarbeid gesims  
Ferdigstilling tørk av trekonstruksjonar.  
Plating av veggjar  
Utføring av tekniske fag – elektro og VVS  
Gjennomføringer i tak

**1.1 Økonomisk tabell oversikt over denne mnd**

	Fakturert periode	Akkumulert fakturert, ekskl. innest. 7,5 %
A-nota	Kr 3 967 557	Kr 57 767 459 (73 %)
Indeksregulering	(ca kr 330 000, indeks for jan22 ikkje publisert)	Kr 2 763 844 (+indeksregulering jan22)
T-nota	0	0
Anslag på løpt tilleggskostnad, men ufakturert	Kr 2 063 643 (må oppdaterast)	

**1.2 Oppfølgingssaker**

Sjå BH-møtereferat og tekniske avklaringar (TA)

**1.3 Fremdriftsplaner**

Sjå gjeldande framdriftsplan på Sharepoint (blir oppdatert i februar)

**2) STATUS OVERORDNA FRAMDRIFT:**

Stort sett iht. plan. Enkelte aktivitetar i admbygg er avhengig av kritisk milepæl, tørt bygg, og avventer til målingane er ok. Antatt ok i slutt av januar. Omdisponerer rekkefølge for enkelte aktivitetar.

Dato:  
31.01.22

Totalentreprenørens prosjektleder:  
Richard Øyre